



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune –
Samferdsleavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Sigmund Bødal / 55516146 16/135789-6 02.02.2017

Klage på forvaltningsvedtak Fv. 201 – gnr. 31 bnr. 144 Og 145 – i Sund kommune

Statens vegvesen har motteke klage på vårt vedtak av 06.09.16, der vi av slo søknad om dispensasjon frå byggjegrense til Fv 201 frå gbnr 31/144 og 145 på Kausland i Sund kommune.

Dokument i saka

1. Søknad om dispensasjon frå byggjegrense – tilbygg – Fv 201 Gnr 31 bnr 144 og 145 Sund kommune 04.09.16
2. Svar – Søknad om dispensasjon frå byggjegrense – tilbygg –Fv 210 gnr 31 bnr 144 og 145. Avslag 06.09.16
3. Klage på vedtak. 30.09.16
4. Etterlyser svar – Dispensasjon frå byggjegrense Fv 201 Gnr 31 bnr 144 og 145 Sund kommune.
5. Svar – Etterlyser svar. Orientering om sakshandsaming.

Kva saka gjeld

Statens vegvesen mottok 04.09.16 søknad om dispensasjon frå byggjegrensa til Fv 201 for etablering av tilbygg på bustad på gbnr 31/144 og 145. Det vart søkt om å få lage tilbygg på bustaden med stove og opphaldsrom i ein distanse på 19 meter frå senterlina på Fv 201. Fylkesvegen har i dag ei byggjegrense på 50 meter, jfr § 29 i Veglova. I Rammeplanen for avkøyrslar og byggjegranser i Regionvest vedteken av Hordaland fylkeskommune er Fv 201 oppført med ei haldingsklasse, der 30 meter byggjegrense er lagt til grunn. Slik vi oppfattar det ligg bustaden i dag innanfor byggjegrensa i ein distanse på 23 meter frå senterlina av Fv 201. Statens vegvesen gav difor avslag på søknaden i brev av 06.09.16. Vårt vedtak vart påklaga av søkjar 30.09.16.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø



Området langs Fv 201 med eksisterende bustad på gbnr 31/144 og 145 i bakgrunnen opp til venstre. Fylkesveg med ei køyrebane.

Vurdering

Fv 201 forbi Kausland er svært smal med berre ei køyrebane. Delar av fylkesvegen er tidlegare omdisponert til gang og sykkelveg. Dette har medført at ein i dette området forbi Kausland har ein fylkesveg med berre eit køyrefelt, på ei strekning på om lag 1200 meter. Fv 201 har i dag ein døgntrafikk på staden på om lag 1500 biler. Det er ein del tungtransport forbi Kausland knytt til maritim verksemd spesielt ved Sotra Seafood. I skrivande stund er det også under planlegging utviding av eit smoltanlegg som er lokalisert mellom Kausland og Glesnes. Ei slik utviding vil medføre auka trafikk på fylkesvegen, også av tungbiltrafikk. Vidare er det gjennomgangstrafikk til Glesnes med bussforbindelse.

På sikt vil det vere naudsynt med utviding av fylkesveg 201 slik at ein får eit vegsystem som kan takle ei auke i trafikken, både når det gjeld til næring og bustad. Det gjer det ikkje i dag. Gjennom Kausland og forbi det den aktuelle eigedommen er det ikkje mogleg at to større bilar kan passere. Sund VA driv på noverande tidspunkt og utvider Fv 201 i retning Spilde frå Eide. Resultatet her vil vere to felts veg med tilhøyrande gang og sykkelveg. I kontakt med Sund kommune har vi forstått at neste steg i utviklinga av VA – nettverket vil gå i retning Kausland, i tida fram mot 2018. Ei slik utviding av fylkesvegen vil gjere Fv 201 fleire meter breiare, gjennom Kausland. Dette vil truleg føre til at bustadhuset og eigedom på gbnr 31/144 og 145 kjem vesentleg nærare fylkesvegen enn i dag. Statens vegvesen vil i denne samanheng ha trong for å erverve grunn for utviding av vegsystemet. Trongen både for utviding av eksisterende fylkesveg, samt etablering av gang og sykkelveg er stor. Det har vore lokale initiativ for å få trygg skuleveg frå Kausland til Glesnes. Med unnatak av dei 1200 metrane gjennom Kausland er det ikkje tilbod til mjuke trafikantar på denne strekninga.



Kart som viser området bygda Kausland ligg i. Kryss mellom Fv 201 og 202 på Spilde i nord. Glesnes heilt i sør. I området ved Kvernevika ligg Sotra Seafood og smoltanlegg som genererer tungbiltrafikk i området. Born frå Kausland har skuleveg til Glesnes skule.

Statens vegvesen er ikkje imot at søkjar skal få utvida bustadhuset, og vi forstår at det kan vere trong for det av ulike årsakar. Vi vurderer det likevel som vanskeleg å gje vår positive innstilling til å kome nærare fylkesvegen enn det bustadhuset allereie er i dag. Intensjonen til Veglova (§ 29) når det gjeld byggjegrænse er *ta vare på dei krava som ein må ha til vegsystemet og til trafikken og til miljøet på eigedomen som grensar opp til vege og medverke til å ta vare på miljøomsyn og andre samfunnsomsyn*. Vi ser at søkjar sin eigedomen går over to bruksnummer og at det er godt med alternativ for utvidingar av bustaden i andre retningar, enn mot Fv 201. Ei utviding av fylkesvegen som skildra ovanfor vil medføre at Fv 201 kjem vesentleg nærare og inn på eigedomen på gbnr 31/144 og 145. Kor nær ein kjem eksisterande bygningar på eigedomen er naturleg nok enno ikkje fastsett. Statens vegvesen sitter på lang erfaring med bygging /utviding av veg i tettbygde strok. I mange tilfelle kjem vi i den situasjonen at vi må løyse inn eigedomar fordi ein tidlegare har fått løyve til å byggje nært opp mot fylkesvegen. Statens vegvesen/fylkeskommunane brukar i dag store summer på å løyse inn eigedomar som ligg for tett på vegsystemet når vi skal byggje. Vi vurderer det til å vere dårleg bruk av offentlege midlar når ein først tillet bygging innanfor byggjegrænse og så nokre år seinare står i fare for å måtte betale for innløyning av same bygning. Med intensjonen til byggjegrænse Veglova § 29 som bakteppe bør utbyggjar finne andre stader på eigedomen å plassere eit tilbygg på, som til dømes i sørleg retning.



Kart som viser storleiken på eigedomen som saka gjeld. Moglegheiter for utviding mot sør.

Statens vegvesen har den erfaringa at born og unge sin aktivitet ofte finn stad mellom heimen og hovudvegen. Sykling og ballspel er typiske aktivitetar som vil kunne kome i konflikt med biltrafikken på ein fylkesveg. I slike tilfelle vil dei mjuke trafikantane i beste fall vere dei skadelidande, om ikkje ein får tragisk utfall ved slike hendingar. Desto lengre bustaden er lokalisert vekk frå fylkesvegen, desto mindre er risikoen for uheldige hendingar. Dersom bustadhuset vert ståande etter ei utbygging av Fv 201 på staden, vil det vere lokalisert vesentleg nærare fylkesvegen enn i dag. Dette vil i negativ forstand utfordra vårt

sektoransvar som mellom anna har eit sterkt fokus på trafikktryggleik. Samstundes vil det ha potensiale til å svekke målsettinga i 0 - visjonen om 0 hardt skadde og drepne i biltrafikken. Med bakgrunnen i omsynet til born og unge sin trafikktryggleik er vi skeptisk til å gje løyve til å plassere bygg på eigedomen endå nærare fylkesvegen enn det som er situasjonen i dag. Vår oppfordring til søkjar er å plasser tilbygg på sørleg del av bustadhuset og ikkje nærare Fv 201 enn i dag.

Samanfatning

Med bakgrunn i ovannemnde ser vi å oppretthalde vårt vedtak av 06.09.16, der vi avslø søknad om dispensasjon frå byggjegrensa til Fv 201 på 19 meter for tilbygg på eksisterande bustad. Bustaden ligg i dag allereie innanfor byggjegrensa, på 23 meter. Tilbygg må plasserast på ein slik måte at det ikkje kjem i konflikt med framtidig byggjeareal for fylkesveg 201. Plasseringa må også lokaliserast slik at trafikktryggleiken på staden vert minst mogleg utfordra, samstundes som ein klarer å etablere eit godt bumiljø for framtida. Dette er dei omsyna byggjegrensa § 29 i Veglova skal ivareta, sikre framtid areal til vegutviding, miljøomsyn på aktuell eigedom, samt generelt miljøomsyn. I denne saka vil ikkje ein dispensasjon frå byggjegrensa sikre desse omsyna. Statens vegvesen oppfordrar Hordaland fylkeskommune til å støtte oss i å kunne ivareta trafikktryggleiken og areal for framtidig utviding av Fv 201 på Kausland.

Plan og forvaltning, Bergen

Med helsing


Hanne Hermanrud
avdelingsdirektør

Tore Bergundhaugen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Magrethe Rørnes og Tommy Singdahlsen, Glesnesvegen 1983, 5381 GLESVÆR



Målestokk 1 : 500 ved A4 utskrift
 Utskriftsdato: 04.09.2016

GRUNNEIENDOM 1245-31/59

Markslag (AR5) 13 klasser

TEGNFORKLARING

	Fulldyrka jord
	Overflatedyrka jord
	Innmarksbeite
	Skog av særs høg bonitet
	Skog av høg bonitet
	Skog av middels bonitet
	Skog av lav bonitet
	Uproduktiv skog
	Myr
	Åpen jorddekt fastmark
	Åpen grunnlendt fastmark
	Bebyggd, samf, vann, bre
	Ikke klassifisert
Sum:	

AREALTALL (DEKAR)

	0.0	
	0.0	
	0.1	0.1
	0.0	
	0.0	
	0.0	
	0.0	
	0.0	0.0
	0.0	
	0.0	
	0.0	0.0
	1.2	
	0.0	1.2
Sum:	1.3	1.3

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

Arealressursgrenser

Eiendomsgrenser

Fra: Magrethe Rørnes og Tommy Singdahlsen <mrornes@hotmail.com>
Sendt: 4. september 2016 17:41
Til: Firmapost-Vest
Emne: Søknad om avkjørsel eller dispensasjon fra byggegrenser,
147300965456649665680068745144
Vedlegg: 31 144 og 145.pdf

Hei,

Statens vegvesen har mottatt en søknad om avkjørsel eller dispensasjon fra byggegrenser.

Søknadens ID: **147300965456649665680068745144**

Steg 1 av 6

Søknaden gjelder for

Meg selv

Har den du søker for gitt samtykke?

Ikke relevant

Personen som det søkes for:

Magrethe Rørnes og Tommy Singdahlsen

Steg 2 av 6

Type veg:

Fylkesveg

Vegnummer:

201

Kommune:

1245, Sund

Fylke:

Hordaland

Regionens epost:

vest

Gnr:

31

Bnr:

144 og 145

Festenr:

Arealformål:

Ingen

Regulert område?

nei

Detaljkart:

31 144 og 145.pdf

Steg 3 av 6

Søkes det om avkjørsel:

nei

Søknad om avkjørsel:

Ikke relevant

Søkes det om dispensasjon fra byggegrenser:

ja

Søknad om dispensasjon fra byggegrenser:

Tilbygg/påbygg

Annet:

Ikke relevant

Minste avstand fra nærmeste punkt på bygget til midten av vegen:

19

Steg 4 av 6

Begrunnelse:

Vi ønsker å utvide husets areal ved å bygge oppholdsrom/tv-stue pga økt plassbehov. Målet fra ferdig nybygg til midten av vegen er målt på kart til <19 meter.

Begrunnelse vedlegg:

Ingen filer vedlagt

Steg 5 av 6

Navn:

Magrethe Rørnes og Tommy Singdahlsen

Adresse:

Glesnesvegen 183/Kausland
5381 Glesvær

Telefon:

99037875

E-post:

mrornes@hotmail.com

Steg 6 av 6

Søkeren har godkjent at alle opplysningene er riktige. (ja)

Mvh, Kommunikasjonsstaben, webteamet



Statens vegvesen

Magrethe Rørnes og Tommy Singdahlsen
Glesnesvegen 1983
5381 GLESVÆR

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:
16/135789-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
06.09.2016

Svar – Søknad om dispensasjon frå byggjegrense – Tilbygg – Fv. 201 – gnr. 31 bnr. 144 og 145 – Sund kommune

Vi viser til brev i frå Dykk motteke hos oss 05.09.16, med søknad om dispensasjon frå byggjegrense til Fv 201.

Slik vi forstår søknaden gjeld dette eit tilbygg på eksisterande bustad med intensjon om etablering av opphaldsrom/tv- stove.

Fv 201 har i utgangspunktet ei byggjegrense på 50 meter jf. veglova § 29. Statens vegvesen ser at fylkesvegnettet har ein varierende standard og transportevne. Det er difor utarbeid ein rammeplan for avkøyrslar og byggjegrense i Region vest. Rammeplanen er vedteken av Hordaland fylkeskommune. I denne rammeplanen er Fv 201 gjeven ei byggjegrense på 30 meter. Ei byggjegrense har som intensjon å kunne ivareta busetnaden mot støy og støv frå biltrafikken, sikre at busetnaden ligg langt nok frå eventuelle framtidige vegutvidingar og sikre trafiktryggleiken for dei som bur langs med fylkesvegen.

Byggjegrensa som rammeplanen legg til grunn for Fv 201 er framtidsretta. Vi ser at dagens bustad ligg innanfor byggjegrerna på 26 meter frå senterlina av Fv 201. Vi ser å kunne akseptere dispensasjon frå byggjegrensa som ikkje kjem nærare Fv 201 enn dagens bustad. Dersom vi skal kunne stille oss positive til påbygg på bustaden må det utformast med minimumsdistanse til Fv 201 på 26 meter. Dersom dette er aktuelt ber vi om å få tilsendt revidert søknad om dispensasjon frå byggjegrense til handsaming.

Vedtak:

Med heimel i veglova §§ 29 og 30 vedtek Statens vegvesen å avslå søknad om dispensasjon frå byggjegrense til Fv 201 for oppføring av opphaldsrom/tv-stove i ein distanse på 19 meter.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing


Kari Elster Moen
overingeniør

Bødal Sigmund
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Sund kommune, Postboks 23, 5371 SKOGSVÅG

Statens Vegvesen
Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER



Kausland, 30.september 2016

16/135789-3
442-1245

KLAGE PÅ VEDTAK, REF. 16/135789-2

Viser til avslag på søknad om dispensasjon fra byggegrense til FV201 for gnr. 31 bnr. 144 og 145.

Vi ønsker å klage på dette vedtaket, og ønsker saken vurdert på nytt.

Vi mener at argumentene i saken ikke er grunnlag nok til å gi avslag på søknaden.

Avslaget på søknaden er argumentert med at eksisterende påbygg ligger innenfor byggegrensen på 50m, og at «Ei byggegrense har som intensjon å kunne ivareta busetnaden mot støy og støv frå biltrafikken, sikre at busetnaden ligg langt nok frå eventuelle framtidige vegutvidingar og sikre trafikktryggleiken for dei som bur langs med fylkesvegen.»

Vi vil argumentere mot dette ved at:

- Huset er tenkt utvidet med en tv-stue. Denne blir lagt utenpå allerede eksisterende soverom, og dette tilbygget vil derfor virke støy- og støvisolerende på disse
- Som en TV-stue/lekerom vil ikke rommet være like plaget med støy som f.eks et soverom, og rommets brukere (husstandens barn) vil definitivt være mer støyende for husets beboere enn trafikken på FV201
- Tilbygget er tenkt bygget etter Tek10 mht lyddemping
- Fremtidig veiutviding vil sannsynligvis ikke bli utført mot øst. En utviding på østsiden av veien vil frarøve vår- og våre umiddelbare naboers innkjørsler og parkeringsplasser
- Vi må kunne disponere vår egen eiendom etter eget ønske og behov. Vår eiendom er ikke båndlagt av Vegvesenet, ei heller tinglyste heftelser/pålegg

Med vennlig hilsen

Magrethe Rørnes og Tommy Singdahlsen

Fra: Firmapost
Sendt: 27. oktober 2016 14:48
Til: Firmapost-Vest
Emne: VS: Saksbehandling for ref: 16/135789-2

Fra: Magrethe Rørnes [<mailto:mrornes@hotmail.com>]
Sendt: 27. oktober 2016 14:33
Til: Firmapost <Firmapost@vegvesen.no>
Emne: Saksbehandling for ref: 16/135789-2

Hei,

Jeg har sendt en klage på et avslag på søknad om dispensasjon fra byggegrense, dok. 16/135789-2.

Hvor er saken kommet i saksbehandlingen, og når kan jeg forvente svar?

Mvh
Magrethe Rørnes



Statens vegvesen

Magrethe Rørnes og Tommy Singdahlsen
Glesnesvegen 1983
5381 GLESVÆR

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:
16/135789-5

Dykkar referanse:

Vår dato:
31.10.2016

Svar – Dispensasjon frå byggjegrænse – Fv. 201 – gnr. 31 bnr. 144 og 145 – Sund kommune – Klage etterlyser svar

Vi viser til brev i frå Dykk motteke hos oss 27.10.16, der De etterlyser informasjon om handsaminga av klagen Dykkar.

Statens vegvesen har motteke klage frå Dykk på vårt vedtak om avslag på søknad om byggjegrænse frå Fv 201 for tilbygg på Dykkar bustad. For tida har vi stor saksmengde. Vi vil likevel prøve å handsame klagen Dykkar så snart vi kan. Vi går gjennom saka på nytt og ser han opp i mot argumentasjonen i Dykkar klage. Dersom vi ser at det er moglege løysingar i saka, vil vi ta kontakt med Dykk. Vi ser å kunne ta saka opp til ny gjennomgang i løpet av komande månad.

Dersom vi etter gjennomgangen finn at vi står ved vårt vedtak i saka, vil denne bli sendt vidare til Hordaland fylkeskommune si klagenemnd for avgjerd. Vårt oversendingsbrev vil bli sendt i kopi til Dykk. Statens vegvesen har ikkje oversikt over når einskilde saker vil kunne komme opp i nemnda for avgjerd. Likevel ser vi det som naturleg at Dykkar sak vil kome opp i 2017, dersom han vert sendt over frå oss.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Bødal Sigmund
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Kopi
Sund kommune, Postboks 23, 5371 SKOGSVÅG